



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	14.05.2013
Tid:	13:30 – 19:45

Medlemer som møtte:

Camilla Storøy Hermansen	Medlem	KRF
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Olaug Andreassen	Medlem	AP

Forfall:

Ann-Kathrin (Tine) Storøy	MEDL	H
Per Kristian Furø	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Idar Tarberg	Ann-Kathrin (Tine) Storøy	H
Henry Jøsokbakke	Per Kristian Furø	V

Andre: Rådmann Erlend Krumsvik

Sekretær Brit Berge

Ass. Rådmann Olaus Jon Kopperstad

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller

Berit Sandvik Skeide, utvikl.avdelinga

Pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge

Tilstades var 7 faste og 2 vara, fulltallig.

Fyrst møtet var det opplæring i bruk av nettbrett.

Til å skrive under møteboka saman med leiaren vart desse valde:
Margaret Leinebø og Idar Tarberg.

F-sak 94/13, F-sak 99/13 og F-sak 100/13 var sendt til medlemane på epost.

F-sak 85/13 vart handsama til slutt i møtet.

Delt ut i møte/orientert om i møte/:

Notat frå rådmannen om den økonomiske stoda i pleie- og omsorgsavdelinga.
Pleie- og omsorgsleiaren og rådmannen orienterte.

Pleie- og omsorgsleiaren summerte opp «1år med Samhandlingsreformen».

Notat frå rådmannen. **U.off. § 23.1.** Saka vart drøfta.

Notat frå rådmannen til utviklingsavdelinga. Reguleringsplan for Fosnavåg
hamn.

Berit Sandvik Skeide, utviklingsavdelinga og utviklingsleiar Jarl Martin Møller
tilbakemelde. Formannskapet godkjenner framlagt forslag frå utviklingsavdelinga.

Ordføraren orienterte om møte mellom ordførarane på Søre Sunnmøre og Sunnmøre
politidistrikt vedk. flytting av kontor for registrering av arbeidsinnvandrarar og flyktningar
frå Ulsteinvik til Ålesund.

Spørsmål frå medlemane:

Camilla Storøy Hermansen etterlyser sak Frøystadvåg grendalag.. Saka var lova å
kome opp i april. Administrasjonen undersøker status i saka.

Kjell Runde stilte spørsmål om mobildekning på Goksøyra.
Intensjonsavtale er inngått med Telenor. Administrasjonen undersøker status
I saka.

underskrifter

Margaret Leinebø

Arnulf Goksøy

Idar Tarberg

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 81/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 82/13	Protokoll frå førre møte
PS 83/13	Delegasjonssaker
PS 84/13	Referatsaker
PS 85/13	Søknad om startlån
PS 86/13	Innløysing av driftsbygning i Frøystadvåg gnr 21, bnr 1.
PS 87/13	Byutviklingsprosjekt Fosnavåg by.
PS 88/13	Frantzen Maskinstasjon AS. Kjøp av grunn, delar av gnr. 37 bnr. 322.
PS 89/13	Miljøoppyrdding i Fosnavåg hamn - igangsetjing av prosjekt
PS 90/13	Budsjett- og fráværskontroll per 28.02.2013
PS 91/13	Budsjett- og nærværskontroll per 31.03.2013
PS 92/13	Finansiering drift av Runde Turistinformasjon
PS 93/13	Forslag om endring av gjennomgåande perspektiv for kommuneplanen sin samfunnsdel
PS 94/13	Utleigebustader for ungdom/arbeidsinnvandrarar.
PS 95/13	Ragnar Leine. Spørsmål om tomt på Leine.
PS 96/13	Godkjenning av låneopptak, stort kr 15.000.000,-, i Den Norske Stats Husbank for vidareutlån
PS 97/13	Årsmelding Søre Sunnmøre Landbrukskontor 2012.
PS 98/13	Opplæringskontoret Hareid, Herøy, Sande, Ulstein,

	Vanylven - omorganisering/endring av vedtektene
PS 99/13	Utviding av Myrsnipa barnehage(60 plassar) - godkjenning av funksjons- og arealanalyse m.m.
PS 100/13	Budsjettendring - Riving av Myrvåg skule Delegasjonssaker frå avdelingane
DS 12/13	Søknad om serveringsløyve Referatsaker
RS 14/13	Reguleringsplan for Fosnavåg hamn - vurdering/tilbakemelding
RS 15/13	Toalettsituasjonen for besøkande på Runde
RS 16/13	Den økonomiske situasjonen i Pleie og omsorg
RS 17/13	Organisasjonsendring– u.off. §23.1.

PS 81/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 82/13 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 83/13 DELEGASJONSSAKER

Møtebehandling:

Delegasjonssaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 84/13 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 85/13 SØKNAD OM STARTLÅN

PS 86/13 INNLØYSING AV DRIFTSBYGNING I FRØYSTADVÅG GNR 21, BNR 1.

Møtebehandling:

Ass. Rådmann møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2013

Formannskapet ber om at det vert teke opp tingingar med eigaren av gnr. 21, bnr. 1 med sikte på å kome fram til ein avtale om riving av den gamle driftsbygninga på egedomen.

PS 87/13 BYUTVIKLINGSPROSJEKT FOSNAVÅG BY.

Møtebehandling:

Høgre v/Arnulf Goksøyr kom med framlegg om å utvide styringsgruppa med to medlemmar frå Formannskapet. Framlegget fekk sju røyster.

Valnemnda kjem med tilråding av to representantar frå Formannskapet.

Camilla Storøy Hermansen, KrF og Henry Jøsokbakke kom med slikt framlegg:

Arbeidsgruppa vert utvida med fleire representantar frå Formannskapet og med ein representant frå grunneigarar eller Fosnavågaren/folk som bur i sentrum. Framlegget fekk to røyster.

Rådmannen si tilråding med framlegget frå Høgre vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2013

Formannskapet vedtek å starte opp «Byutviklingsprosjekt- Fosnavåg by» og gjer fylgjande vedtak:

1. Formannskapet skal vere styringsgruppe for «Byutviklingsprosjekt- Fosnavåg by».
2. Det vert satt ned arbeidsgruppe for å følgje opp prosjektet med fylgjande representantar: Ordførar, varaordførar, 2 medlemmar frå Formannskapet, rådmann, representant frå næringslivet, representant frå fylkeskommunen og representant frå Utviklingsavdelinga. Valnemnda vel dei to representanane.
3. Ein forutsetter at prosjektet vert finansiert med tilskot frå fylkeskommunen og RDA- midler.
4. Valnemnda kjem med tilråding av to representantar frå Formannskapet.

PS 88/13 FRANTZEN MASKINSTASJON AS. KJØP AV GRUNN, DELAR AV GNR. 37 BNR. 322.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2013

Søknaden frå Frantzen Maskinstasjon AS v/Gustav Frantzen om kjøp av parsell på ca 230 m2 frå gnr 37, bnr 322 vert ikkje imøtekommen.

PS 89/13 MILJØOPPRYDDING I FOSNAVÅG HAMN - IGANGSETJING AV PROSJEKT

Møtebehandling:

Saksbehandlar utviklingsavdelinga, Berit Sandvik Skeide, møtte og orienterte. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2013

Formannskapet går inn for at det vert sett i gong arbeid med å få til eit samarbeid med Kystverket og andre aktuelle instansar, med tanke på miljøopprydding i Fosnavåg hamn.

PS 90/13 BUDSJETT- OG FRÅVÆRSKONTROLL PER 28.02.2013

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2013

Budsjett- og fráværssrapporten per 28.02.2013 vert tatt til vitande.

PS 91/13 BUDSJETT- OG NÆRVÆRSKONTROLL PER 31.03.2013

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2013

Budsjett- og nærværsskontrollen per 31.03.2013 vert teke til vitande.

PS 92/13 FINANSIERING DRIFT AV RUNDE TURISTINFORMASJON

Møtebehandling:

Arnulf Goksøyr reiste habilitetsspørsmål. Han driv turistverksemd på Runde. Han går frå under handsaming av habilitet.

Arnulf Goksøyr vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL § 6, 2. avsnitt. Varaordførar Tor Sindre Steinsvik leia møtet under handsaming av denne saka.

Formannskapet ynskjer meir opplysningar om driftskostnadenr. I søknaden Vert det referert til tidlegare tilsendt rekneskap. Camilla Storøy Hermansen kom med framlegg om å sende saka attende til Komite for næring kultur og idrett.

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2013

Saka vert sendt attende til Komite for næring, kultur og idrett.

PS 93/13 FORSLAG OM ENDRING AV GJENNOMGÅANDE PERSPEKTIV FOR KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2013

Formannskapet vedtek å endre det gjennomgåande perspektivet *Kvinner* til *Likestilling* i kommuneplanen sin samfunnsdel

PS 94/13 UMLEIGEBUSTADER FOR UNGDOM/ARBEIDSINNVANDRARAR.

Møtebehandling:

Camilla Storøy Hermansen reiste habilitetsspørsmål. Ho er tilsett i Bulystprosjektet. Ho går frå under handsaming av habilitet. Ho vart samrøystes kjend habil. Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2013

Formannskapet ser at det er behov for utleigebustader for ungdom/arbeidsinnvandrara, men ynskjer ikkje å bruke ressursar på analysere dette behovet utover det som ligg i mandatet til arbeidsgruppa i Bulyst-prosjektet.

I kva grad kommunen vil prioritere å bygge/kjøpe utleigebustader for ungdom/arbeidsinnvandrarar, må takast stilling til i samband med budsjettet for 2014.

PS 95/13 RAGNAR LEINE. SPØRSMÅL OM TOMT PÅ LEINE.

Møtebehandling:

Herøy AP v/Olaug Andreassen kom med slikt framlegg til vedtak:

Formannskapet ber ordførar og administrasjon om å forhandle fram ei minneleg løysing for begge partar.

Framlegget frå AP vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2013

Formannskapet ber ordførar og administrasjon om å forhandle fram ei minneleg løysing for begge partar.

PS 96/13 GODKJENNING AV LÅNEOPPTAK, STORT KR 15.000.000,-, I DEN NORSKE STATS HUSBANK FOR VIDAREUTLÅN

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2013

Herøy kommune tek opp lån i Husbanken på kr 15.000.000,- til vidare utlån (Startlån) på dei vilkår som går fram av tilsegnsbrev og låneavtale

PS 97/13 ÅRSMELDING SØRE SUNNMØRE LANDBRUKSKONTOR 2012.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2013

Årsmeldinga for Søre Sunnmøre Landbrukskontor 2012 vert godkjend.

**PS 98/13 OPPLÆRINGSKONTORET HAREID, HERØY, SANDE, ULSTEIN,
VANYLVEN - OMORGANISERING/ENDRING AV VEDTEKTENE**

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2013

Herøy kommunestyre tek organisasjonsendringa av Opplæringskontoret til vitande.

Herøy kommunestyre godkjenner dei nye vedtektene, jfr. vedlegg i saka.

Herøy kommunestyre stadfestar at etablert praksis for val av styrerepresentantar til styret i Opplæringskontoret blir etablert som formell ordning; Rådmannen utpeikar kommunens representant til styret.

**PS 99/13 UTVIDING AV MYRSNIPA BARNEHAGE(60 Plassar) - GODKJENNING
AV FUNKSJONS- OG AREALANALYSE M.M.**

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2013

1. Funksjons- og arealanalysen med tilhøyrande vedlegg vert tatt til vitande.
2. Plan- og byggenemnda får fullmakt til å godkjenne funksjons- og arealanalysen, samt utarbeide skisseprosjekt og kostnadsberekning av prosjektet innafor ei maksimal ramme på 300.000 kroner.

PS 100/13 BUDSJETTENDRING - RIVING AV MYRVÅG SKULE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 14.05.2013

1. Herøy kommune ynskjer at Myrvåg skule vert riven og området rydda
2. Herøy kommune ber om at det omgåande vert sett i gong arbeid med utlysing av arbeidet
3. Kostnadane med arbeidet vert budsjettmessig overført frå prosjekt «Kontraksleige Kjøp» med prosjektnr 60107
4. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale på arbeida

DELEGASJONSSAKER FRÅ AVDELINGANE

DS 12/13 Søknad om serveringsløyve 15.04.2013 00:00:00

REFERATSAKER

**RS 14/13 Reguleringsplan for Fosnavåg hamn - vurdering/tilbakemelding
Reguleringsplan for Fosnavåg hamne - vurdering/tilbakemelding 18.04.2013
00:00:00**

**RS 15/13 Toalettsituasjonen for besøkande på Runde TOALETTSITUASJONEN
FOR BESØKANDE PÅ RUNDE 22.04.2013 00:00:00**

**RS 16/13 Den økonomiske situasjonen i Pleie og omsorg Den økonomiske
situasjonen i Pleie og omsorg 10.05.2013 00:00:00**

RS 17/13 Organisasjonsendring. Organisasjonsendring. 10.05.2013 00:00:00